



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad:	Teams
Dato:	29.09.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 16/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
ST 17/25	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2025		2019/10793
ST 18/25	Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2025		2019/4056
ST 19/25	Ålfotbreen verneområdestyre - strategi for tiltak og tiltaksmidler		2019/4056
ST 20/25	Ålfotbreen verneområdestyre - revidere besøksstrategi for Ålfotbreen		2025/14973
ST 21/25	Eventuelt		

ST 15/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 16/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/10793-28
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 24.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	17/25	29.09.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

- SFE Produksjon fekk både i mai og i juni løyve til helikopterlandingar ved bremålingshytta i samband med byggearbeidet på den nye hytta og opprydding av den gamle.
- Flora turlag fekk i mai løyve til helikopterlandingar ved Gjeugnabu i samband med oppføring av sikringshytte

Oppfølging av helikoptersøknad frå Mastiff

Under møte i mars fekk produksjonsselskapet Mastiff utsett saka om bruk av helikopter i Ålfotbreen, og vart bedt om å kome tilbake med justert søknad. Etter det har Mastiff endra planane sine, og gjennomfører produksjonen utanfor verna natur.

Ny bremålingshytte

SFE Produksjon er no so godt som i mål med bygging og klargjering av den nye bremålingshytta nord for Ålfotbreen. Dei har hatt nokre utfordringar under bygginga, men no skal dei vere so godt som i mål. Når hytta er heilt ferdig skal SFE starte eit samarbeid med Keipen turlag om ålmenta sin tilgang til hytta.



Sikringshytte ved Gjeugnabu

Sikringshytta som Flora turlag har fått løyve til å sette opp ved Gjeugnabu nærmar seg og ferdig. Alle modulane vart frakta opp og montert i august, og det vidare arbeidet med ferdiggjering har gått føre seg over i september. Prosjektet har hatt nokre forseinkingar og møtt nokre mindre utfordringar, men ikkje større enn at dei har latt seg ordne. Forvaltninga har hatt ein god dialog med turlaget undervegs.

Økonomi

Verneområdestyret har fått tildelt kr 130.000 i driftsmidlar for 2025. Til no er 45.000 av desse brukt. Først og fremst til kostnadar med styremøte, men og litt til drift av nettside.

Brev frå Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har sendt eit brev alle nasjonalpark- og verneområdestyra med rettleiing om skjøtsel og fjerning av stiar. Brevet ligg vedlagt til sakspapira.



Arkivsaksnr: 2019/4056-32

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 24.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	18/25	29.09.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Tiltaksmidlane

Ålfotbreen verneområdestyre har fått kr 250.000 i tiltaksmidler for 2025. I tillegg har styret fått 50.000 kr i grunnstøtte drift.

Status på tiltak

Til no er det brukt og utbetalt 12.300 til rydding av skog i skogsvegen i Hope. Det er og holdt av 30.000 til rydding av stiar i Nordalsfjorden, men dei vil truleg ikkje bli brukt i år.

Vi hadde planer om å bidra økonomisk til ferdigstilling av hamna på Mettenes, på vilkår av at vi fekk til ein bindande og tinglyst avtale om ålmenta sin bruk av hamna. Grunneigar hadde andre gjeremål som måtte prioriterast i 2025, so dette er utsett til 2026.

Førdedalen er ein innfallsport vi lenge har ønska å utvikle. Den er lett tilgjengeleg og her kan ein få til eit variert tilbod av aktivitetar og opplevingar. Vi er avhengige av å få til klare avtalar og samarbeid med grunneigarane om dette skal la seg gjere. Forvaltar har vore i kontakt med grunneigarane for å høyre om dei har konkrete planer i år, men ikkje fått svar på det.



Forvaltar er i dialog med Kinn kommune om oppsetting av eit informasjonsskilt ein stad i Florø. Per no er det parkeringsplassen ved riksveg 5 der kor turvegen til Brandsøyåsen startar som er mest aktuell. Vi har skiltplate og plakat på lager, men vil få kostnader med oppsetting og transport. Det er vanskeleg å seie kor mykje, men kanskje ein stad mellom 20.000 og 40.000 kr.

Forvaltar har gjort avtale med grunneigar i Hope i Hyen som har tilsyn med toalettet vi har sett opp der, om at det vert ytt 5000 kr i driftsstøtte no i 2025, som vert finansiert av grunnstøtte drift.

Estimert forbruk

Som de ser er fleire tiltak usikre enno. Men det går mot eit år med lågt forbruk av tiltaksmidlar, i alle fall om vi skal låse oss til dei tiltaka vi har på blokka per no. Det kan bli heilt ned mot 50.000 kr, og truleg ikkje meir enn 150.000.



Arkivsaksnr: 2019/4056-33

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 24.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	19/25	29.09.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - strategi for tiltak og tiltaksmidler

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre vedtek å revidere Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde. Revideringa skal vere gjennomført i 2026.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år tiltaksmidler frå Miljødirektoratet etter søknad om tildeling. Sidan 2020 har styret fått mellom 200.000 og 400.000 i tiltaksmidler, no i år er tildelinga på 250.000. I tillegg har vi dei to siste åra fått grunnstøtte drift på 50.000 som kan brukast til dels overlappande med tiltaksmidlane.

Midlane har ikkje alltid blitt brukt opp i Ålfotbreen. Dei fleste åra har restmidlar frå Ålfotbreen blitt flytta til andre verneområde- eller nasjonalparkstyre i Vestland. Enkelte år har vi kanskje og levert restmidlar tilbake til Miljødirektoratet for omdisponering der.



Tiltaksmidler i Ålfotbreen

År	Tildeling	Brukt
2020	400 000	271 000
2021	300 000	210 000
2022	300 000	245 000
2023	300 000	318 000
2024	200 000	180 000
Sum	1 500 000	1 224 000

Dei siste åra har vi hatt ei utvikling med mindre struktur og plan i bruk av midlar. Dette er ei uheldig utvikling, og vi bør sjå på tiltak for å gjere dette betre. Både med tanke på å få nytte ut av midlane vi har tilgjengeleg, og med tanke på å bruke felleskapet sine pengar på ein best mogeleg måte.

Det skal og nemnast at vi har hatt fleire gode tiltak i desse åra og. Filmen om geologi, bru ved Skarvevatnet og oppsetting av informasjonsskilt har alle vore godt planlagt og gjennomført etter planen. Og vi har brukt over 80 % av tiltaksmidlane i denne perioden.

Utfordringar

Det er fleire årsaker til utviklinga som er synt til over og den situasjonen vi står i. Forvaltar går gjennom og kommenterer dei viktigaste her, sett frå forvaltninga sin ståstad.

- Gammal besøksstrategi og forvaltningsplan
Begge desse dokumenta er viktige styringsverktøy. Forvaltningsplanen er frå 2015, og revidering ligg på is medan vi ventar på avklaring om Ålfotbreen vert nasjonalpark eller ikkje.
Besøksstrategien er noko nyare, frå 2018. Den er eit kortare, meir konkret og handlingsretta dokument. Besøksstrategien peikar på nokre tydelege prioriteringar som er gyldige enno, men tiltaksdelen er i stor grad gjennomført.
- Vi ligg på etterskot i planlegging
Det har blitt slik at vi ofte søker om tiltaksmidler til tiltak som ikkje er ferdig planlagt. Det gjer det vanskeleg å estimere kostnad, og det aukar risikoen for at vi møter hindringar som fører til at vi ikkje får gjennomført tiltaka.



- Tiltak i andre sin regi

Mange av tiltaka vi set av midlar til er tiltak i andre sin regi. Vi gjer oss avhengige av frivillige, oftast grunneigarlag eller turlag. Planlegging, administrasjon og til tider gjennomføringa av tiltaka vert då avhengig av dugnadsinnsats. Viljen til å ta på seg dugnadsarbeid om vinteren er ofte større enn evna til å faktisk gjennomføre arbeidet om sommaren. Og fleire tiltak vert enten ikkje gjennomført eller vert vesentleg redusert i omfang.

- Krevjande grunneigarforhold

I nokre tilfelle har vi både plan, evne og vilje til å få gjennomført gode tiltak. Men det stoggar grunna usemje mellom grunneigarar og manglande aksept hjå grunneigar(ar). Desse kan i praksis ha vetorett både på eigen grunn og i sameige.

Andre faktorar som har innverknad på forbruk og behov for tiltaksmidlar:

- Låge besøkstal

Samanlikna med dei fleste andre verneområde, so har vi ganske låge besøkstal. Verneområdet vårt er ganske lite, det har krevjande topografi og det er mindre kjent enn mange andre. Låge besøkstal gjer til at behova for kanalisering og tilrettelegging som krev mykje midlar i andre område, er små hos oss.

- Robust terreng

Mykje av verneområdet og omkringliggende område er robust terreng som toler den bruken vi har i dag godt. Her er ikkje særleg mykje sårbar natur som har behov for tiltak. Det er dessutan ein type turområde som set krav til brukarane. Dei som brukar området har slik sett lite behov for omfattande tilrettelegging.

Som de ser er det fleire årsaker og samanhengar som både aleine og i kombinasjon fører til at vi møter utfordringar i planlegging og gjennomføring av tiltak og bruk av tiltaksmidlar.



Målsetningar

Vi bør ha eit mål om å bruke tiltaksmidlane på ein effektiv og god måte der vi:

1. Vi får gjennomført tiltak i tråd med tidsplan
2. Vi brukar opp dei midlane vi får tildelt
3. Tiltaka og resultata av dei har høg kvalitet
4. Vi treffer på budsjett og kostnadsestimat
5. Tiltaka vert lagt merke til

Tiltak

Det er fleire ting vi kan gjere i forvaltninga for å få dette inn i eit betre spor. Kanskje først og fremst revidere besøksstrategien, slik at den blir det strategiske styringsdokumentet som den skal vere. Forvaltningsplanen kan framleis ligge på is til spørsmålet om nasjonalpark er avklara. Men besøksstrategien kan vere ganske lik uavhengig av verneform, og den er og eit enklare dokument å revidere.

Ein kan og vri prioriteringa av midlane frå tiltak i verneområdet til å fokusere på tiltak utanfor. Dette gjer ein til ei viss grad i dag, men ein kan gjere det enno meir. Utanfor verneområdet er behova meir «umettelege» enn innanfor, og ein har ikkje same avgrensingane på kva som er forsvarleg å gjere med omsyn til verneverdiane. Ei slik prioritering er eit strategisk val som kan/bør gjerast i besøksstrategien, men kan og gjerast når ein kvart år søker om tiltaksmidlar.

Eit anna enkelt grep ein kan gjere, som og passar fint med revidering av besøksstrategi, er å ta eit år kor ein bevisst legg opp til lite tiltak. Nokre mindre, løypande tiltak bør uansett gjennomførast, men eit år der ein ikkje legg opp til større tiltak. Då frigjer ein tid som kan nyttast til revidering og i til å kome i forkant med planlegging av tiltak for året etter det igjen.

Når tiltak skal gjennomførast kan vi senke terskelen for å kjøpe tenester i staden for å basere seg på frivillig sektor og dugnadsinnsats. Vi har rammeavtalar for tenestekjøp innanfor dei tenestene vi treng, desse kan vi bruke meir. Det kan bety ei litt strengare haldning mot frivillige, der dei ikkje får oppdrag og inntektsmoglegheiter som dei tidlegare har hatt. Det kan vi få reaksjonar på.



Arkivsaksnr: 2025/14973-1

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 24.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	20/25	29.09.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - revidere besøksstrategi for Ålfotbreen

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre vedtek å revidere Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Styret ber forvaltar legge fram ein prosjektplan med tidsplan for arbeidet på neste styremøte, med mål om at revideringa skal vere ferdig ved utgangen av 2026.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde (2018)
- [Rettleiar – Besøksforvaltning i norske verneområde \(Miljødirektoratet\)](#)

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre fekk utarbeida og vedtok besøksstrategi for verneområdet i 2018. Ein besøksstrategi er ein plan for korleis landskapsvernområdet og forvaltningsstyresmakta skal møte og handtere besøkande. I ein besøksstrategi skal det takast konkrete og strategiske val som skal legge til rette for gode opplevingar og lokal verdiskaping, og samstundes sikre verneverdiane.

Besøksstrategien er eit godt dokument som vart brukt aktivt dei komande åra. Det gav oss tydelege prioriteringar og retningsval, og tiltaksdelen i besøksstrategien vart eit naturleg grunnlag for søknad om tiltaksplanar åra etter. Dei strategiske grepa i besøksstrategien vert framleis lagt til grunn i forvaltninga.



No er dei fleste tiltaka i tiltaksplanen enten ferdig gjennomført eller ikkje lenger relevante. Besøksstrategien har derfor til dels mista sin funksjon som styringsdokument (jamfør sak om bruk av tiltaksmidlar).

Oversikt over tiltaksplanen i besøksstrategien og status på tiltaka i dag:

Prioritet	Tiltak	Skildring	Status i 2025
1	Stien Hope-Lavesteinen	Utbetre stien frå skogsvegen til Lavesteinen. Flytte stitrasé på første del av denne parsellen. Grøfte og leie vatn vekk frå stien på siste delen av parsellen.	Ferdig
2	Førde dalen	Utvikle Førde dalen som ein lågterskel innfallsport til Ålfotbreen LVO og randområda i samarbeid med grunneigarane. Bygging av til dømes parkeringsplass, bålplass, gapahuk, toalett, fiskeplass.	Delvis gjennomført
3 *	Bjørndalen - parkering	Ruste opp parkeringsplass og sette opp P-skilt.	Ferdig
4	Stien Bjørndalen - Gjegnen	Sette opp skilt der kor stien startar. Skilt skal vere i tråd med «turskilt»-standard.	Ferdig
5	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt på «knutepunkt». Informasjonsskilt skal gjere turistar og andre merksame på verneområdet og kvalitetane der. Skilt skal vere i tråd med merkevarestrategien Norges nasjonalparker og malane der. Aktuelle knutepunkt: Stårheim ferjekai, Ålfoten sentrum, Hyen sentrum, krysset fv.614 – vegen til Norddalsfjorden, Svelgen, Lote ferjekai.	I stor grad gjennomført
6	Skiltplan - veg	Lage ein plan for skilting; frå riks- og fylkesvegar og heilt fram til innfallsportane. Presentere denne planen for Statens vegvesen.	Mindre aktuelt
7	Brosjyre om geologi	Lage informasjonsbrosjyre om den spanande geologien i området, i samarbeid med fagmiljø innan geologi.	Erstatta av film
8	Nettartiklar om Ålfotbreen LVO	Produsere og publisere ein serie nettartiklar om Ålfotbreen LVO i samarbeid med forfattar Arve Sandal. (Gjennomført, ligg tilgjengeleg på www.alfotbreen.no)	Ferdig
9	Mettenes	Utvikle Mettenes som innfallsport. Rydde og skilte ruta som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmedhytta og Skjerdingane.	Ferdig



Vurdering

Strengt tatt er både forvaltningsplanen og besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernområde moden for revisjon. Ved revisjon av forvaltningsplan vil det dessutan vere naturleg at besøksstrategi vert ein del av forvaltningsplanen. Styret har tidlegare bestemt at ein skal vente med å revidere forvaltningsplanen til spørsmålet om nasjonalparkstatus er avklara. Det er fornuftig.

Besøksstrategi kan likevel reviderast. Både fordi den er eit enklare dokument og vil krevje mindre å revidere. Men og fordi strategiske val i besøksstrategien truleg vil vere ganske like uavhengig av om Ålfotbreen er landskapsvernområde eller nasjonalpark.

Kunnskapsgrunnlaget i besøksstrategien har endra seg på desse åra, og har behov for oppdatering. Noko av endringane har forvaltninga sjølv stått for gjennom tiltaka som er gjennomført, særleg dei som stor i tiltaksdelen. I tillegg er det endringar i samfunnet, endringar i bruken, nye ferdsel- og friluftformer og endringar i reiselivet.

Ein del av dei strategiske vala som vart tatt i 2018 er gyldige enno og kan vere fornuftig å vidareføre. Det bør likevel vere ein gjennomgang av dei, nokre bør kanskje endrast og ein kan legge til nye ved behov.

Uansett kva ein vel å gjere her, om ein går for full revidering av strategien eller ikkje, so må tiltaksplanen i strategien reviderast.

Økonomiske konsekvensar

Det vil truleg ikkje bli stor kostnad med ein slik revisjon, sidan forvaltar vil gjere det meste av jobben. Nokre ekstra kostnadar kan kome til grunna nokre ekstra møte. Det kan vi søkje om midlar frå Miljødirektoratet til.

ST 21/25 Eventuelt